



Vestland fylkeskommune,
5020 Bergen
post@vlfk.no

Vår saksbehandlar: Synnøve Kvamme og Jørund Nygård
Med vesentlege bidrag frå Tom Skauge

Fråsegn til Berekraftig verdiskaping: Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033

Innleiing

Fråsegnet er forfatta av Naturvernforbundet i Hordaland og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og er eit samla innspel frå begge organisasjonane både til planen for berekraftig verdiskaping og den medfølgjande handlingsplanen.

Naturvernforbundet er positive til at Vestland fylkeskommune førebur ein Plan for Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Vestland fylke og forgjengerane Hordaland og Sogn og Fjordane har ved fleire høve tatt leiarskap i konkrete viktige snuoperasjonar frå forureinande teknologi til fornybare løysningar – som elektriske ferjer, hurtigbåtar og elektriske bussar.

Samstundes som ein skal gjennomføre eit positivt grønt skifte, så må ein sikre at planen ser breiare på økologisk berekraft enn reduksjon av klimautslipp. Vestland fylke forvaltar naturverdiar i verdsklasse og rike økosystem både med stor eigenverdi og som leverar tjenester av stor økonomisk verdi. Ivaretakinga av desse er òg kritisk for at fylket skal vere ein god plass å leve, bu og drive næring og innovasjon i, både for noverande og komande generasjonar.

Planutkastet har mange gode mål som vi støttar. Men vi vil òg i dette innspelet peike på ein del manglar, der den overordna utfordringa er mangel på kartlegging og vurdering av målkonflikter. Dette kan føre til at planen vert for generell og for lite forpliktande på mange viktige saksområder, som igjen kan hindre ein i å oppnå det overordna målet om berekraftig utvikling i Vestland fylke.

Samspel med regional klimaplan

Ein overordna kommentar er at vi meiner planen ideelt sett burde verte laga og vedteken etter Regional plan for klima i Vestland. Utviklingsplanen for Vestland legg ei rekke føringer for planarbeidet i fylkeskommunen. Eit sentralt mål i denne planen, er at klima og miljø skal vere eit premiss for samfunnsutviklinga. Konsekvensen av det premissset burde etter vårt syn vere at fylkeskommunen først vedtek ein klimaplan, for så å lage andre planar som understøttar mål og vedtak gjort i klimaplanen. I arbeidet med klimaplanen oppmodar vi om å legge like stor vekt på tapet av natur og artsmangfold som klima, då dette er to like alvorlege og akutte miljøproblem som også heng uløyseleg saman. Intakt natur er vårt største og mest avanserte karbonfangs- og lagringssystem, derfor er naturvern også ei avgjerande del av løysinga på global oppvarming. I tillegg lagrar intakt natur som myr, våtmark og naturskog opp store mengder vatn som reduserer konsekvensane av ekstreme nedbørsmengder, som vi vil få meir av på vestlandet med den globale temperaturauken som allereie har funne stad. Det er derfor heilt avgjerande å sjå natur og klima i samanheng når ein skal lage klimaplanen.



Fråværet av eit nasjonalt system som set ein økonomisk kostnad på å gjere om naturområder til næringsareal og manglande incentiv for effektiv arealbruk, set høgare krav til regionale og lokale planar og dei folkevalde sine ambisjonar på å vere tydelege på kva slags utvikling ein ynskjer - og ikkje ynskjer. Planen må medverke særleg til at svært arealkrevande verksmed som brukar mykje straum – og dermed har eit stort indirekte arealforbruk, og som gjev lite verdiskaping og arbeidsplassar, ikkje vert realisert i Vestland. Ein kan ikkje berre seie ja til det som ein meiner er bra, ein må også tote å seie nei til det som ikkje er bra, ved at planen gjev retningslinjer på kva tiltak og målkonflikter fylkeskommunen skal vurdere motsegn på. Planen må ha eit klart skille mellom ekte vekst - som skjer gjennom innovasjon og ved å gjere ting stadig meir effektivt og berekraftig, og illusjonen av vekst – som er kortsiktig aktivitet på bekostning av langt større og evigvarande naturverdiar som vi aldri får tilbake.

Berekraft og verdiskaping kan gå hand i hand, - men kan også vere målkonflikter som bør bli klarlagt og vurdert fagleg og politisk. Målkonflikta vert best synlege om mål og verkemidler er godt definert og spesifisert.

Tilbakemelding på delmål i høyringsutkastet

Vi er positive til at planen byggjer på FNs berekraftmål og plan og bygningslova sine forutsetnadar om berekraftig utvikling. Vidare så støttar vi viktige mål som er skissert:

s. 5:

- Gjere Vestlandet mindre oljeavhengig
- Sikre verdiskaping, arbeidskraft og arbeidsplasser i heile fylket
- Grøn konkurranseskraft og grøn næringsutvikling

s. 10:

- Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådriver for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagssliv i heile Vestland
- Mål 4: Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

s.14:

- Næringslivet er klimanøytralt i 2033

s. 15:

- Verdiskaping og nye grøne arbeidsplassar i heile fylket

s. 17:

- Rett Areal til rett føremål til rett tid

Men vi saknar:

- Mål, delmål og verkemiddel om sirkulær økonomi innan utvalde bransjar.
- Utvida plan for oppdatering av kunnskapsgrunnlaget - i tillegg til sjø og fjellareal som er korrekt identifisert som for dårleg kartlagt, veit vi også at det i lavlandet er identifisert store avvik mellom antatte og reelle verdiar, for eksempel i vegsaker der myrer vert antatt å vere grunne og lite verdifulle, medan dei i røynda er ekstremt djupe og verdifulle både i eit klima og naturmangfaldsperspektiv.



- Plan for satsing på fornybar energi som er i lite konflikt med naturverdiar. Dette gjeld solenergi, fjordvarme / geotermisk, bølgekraft i eksisterande hamner og strukturar, samt modernisering av gamle vasskraftverk – der vi saknar at fylket brukar sin stemmerett i kraftselskap aktivt til å oppnå berekraftige og samfunnsøkonomisk lønnsame investeringar på trass av bedriftsøkonomiske skatteposisjonar.
- Strategi for øko-innovasjon: EACI (European Association for Creativity & Innovation) har samanstilt ei brosjyre med innovative og mangfaldige idear om meir miljøvenlege løysingar innan bygging, resirkulering, mat- og drikkeindustrien med meir. Vi føreslår dette som ei kjelde til inspirasjon i det vidare arbeidet med planen:
https://ec.europa.eu/environment/eco-innovation/docs/publi/brochure_en_09.pdf
- Forpliktande arealrestriksjonar, arealnøytralitet¹ og/eller arealpositivitet².
- Forpliktande plan for å mobilisere kunnskapsaktørar i Vestland, Universitet, høgskular og andre.
- Forpliktende plan for å stogge all motorvegutbygging i fylket og konsentrere vegbygginga til å sikre trygge bruksvegar som er lagt til rette for gang og sykkel.
- Justerte kapasitetsbehov på riks- og fylkesvegnettet etter nye erfaringar om heimekontor og desentraliserte kontor, og nedgongen i trafikk som denne endringa medfører.

1.2 Framtidas arbeidsplassar

Planen bør inkludere ein definisjon av kva som meines med «grøn utvikling» og «grøne arbeidsplassar». Kva kriterie skal leggast til grunn?

I tråd med eit auka miljø- og klimafokus i samfunnet, så ynskjer dei fleste næringsaktørar å framstille seg som grøne. Her er det avgjerande at ein har kriterier som kan skille mellom kva som verkeleg er grønt, og kva som er mest grønmaling. I tillegg til reduksjon av klimautslepp bør ein også sjå på direkte og indirekte arealforbruk, straumforbruk, utslepp av miljøgifter, resurskonsum og graden av gjenbruk og resirkulering. Det samla avtrykket og lokaliseringa må vurderast nøyne opp i mot talet på arbeidsplassar og summen av verdiskapninga for å identifisere om eit nytt tiltak kan sjåast som berekraftig.

I arbeidet med å identifisere arbeidsplassane for framtida, er det også viktig å hugse på dei grøne arbeidsplassane som allereie eksisterer, og som i aller høgaste grad vil vere sentrale i omstillinga til eit berekraftig samfunn. I omstillinga til eit samfunn som nyttar naturen sine ressursar utan å utarme dei, treng vi både innovasjon og ei storstilt satsing på bransjene som allereie bidreg til eit lågare forbruk av ressursar. Vi tenker då særskilt på arbeidsplassane innan:

- **Energisparing og effektivisering:** potensialet for å frigje energi gjennom å redusere bruk av straum til oppvarming av bygningar, er enormt. Ein studie frå NTNU viser eit samfunnsøkonomisk lønnsamt energieffektiviseringspotensiale i bygg på landsbasis på minst 28 TWh straum innan 2050 samanlikna med 2020. Det tilsvarer minst 40 Alta-kraftverk.

¹ <https://www.sabima.no/et-arealnoytralt-norge/>

² Med dette tek vi steget lenger enn arealnøytralitet, og føreslår ein visjon om meir natur i staden for mindre. Det betyr at vi ikkje berre sluttar å øydelegge natur, men at vi også restaurerer natur vi har forringa – i tråd med FNs tiår for økosystemrestaurering 2021-2030.



Regjeringa har mål om å frigje 10 TWh gjennom energitiltak i bygg innan 2030, men også dette er ambisiøst utan tilstrekkelege verkemiddel. Gjeldande klimaplan for Vestland fylke har også eit mål om at energibruken skal reduserast med 30% innan 2030 i høve til 2007. Vi saknar ei storstilt satsing på realiseringa av desse måla i planen, samt eit større fokus på denne bransjen som ei sentral næring for eit berekraftig samfunn. Auka satsing på feltet vil gje vesentleg verdiskaping og nye arbeidsplassar i små og middels store bedrifter i alle delar av fylket. Fjordvarme-prosjekta på Nordfjordeid og i Førde, Sogndal og Selje er positive dømer der ein både har redusert forbruket og kutta driftsutgifter. Sentral til å nå måla er energieffektivisering innan prosessindustrien som har ein stor andel av elforbruket i fylket.

- **Sirkulær økonomi - reparasjon og gjenbruk:** I eit berekraftig samfunn er bruk-og-kast-kulturen historie. Heldigvis synest forbruksmønsteret å vere i endring, og det er eit aukande fokus på gjenbruk, ombruk og å kjøpe brukt framfor nytt. Det er sjølv sagt større, nasjonale og overnasjonale systemendringar som må til for å auke levetida på produkt, og å gjere det lettare å reparere ting - men vi skulle gjerne ha sett at Vestland fylkeskommune også framheva reparatørar som ein viktig bransje å satse stort på som arbeidsplassar for framtida.
- **Berekraftig utvikling innan tradisjonelle næringar:** Eit døme på framtidas bedrift er øg bedrifter som gjer eksisterande oppgåver på ein ny, betre og mindre ressursintensiv måte. Eit døme er Tibber i Førde, eit straumselskap som gjer straumsparing og installasjon av solceller på private tak lettare og smartare. Deira mål er at kundane deira skal bruke minst mogleg straum, og bedrifta frigjer på denne måten store energimengder utan naturinngrep. Selskapet veks raskt både i Norge og internasjonalt, og er i ferd med å tilsette 300 nye medarbeiderar, ein stor del av dei i Vestland. To andre døme er Ogoori og Nordic Circles, som har gjort alvor av intensjonen i sirkulær økonomi: Ogoori sin forretningsstrategi er å lage varige produkt av marint søppel, medan Nordic Circles legg til rette for gjenbruk av stål frå oljeriggjar og skip til nye bygg.

1.3 Hindre for utvikling

Viktig referanse til mangel på fornybar energi. Men eit anna hinder for (grøn) utvikling er manglande kunnskap om naturmangfold og naturverdiane i fylket.

1.4 Framtidas eksportnæringer

Vi saknar at kompetanse vert framheva som både eiga eksportnæring og viktig komponent i dei omtalte næringane.

2.0 Visjon og mål

Illustrasjonen som er nytta frå Stockholm Resilience Centre (SRC) forpliktar. Den viser korleis dei øvrige berekraftmåla byggjer på berekraftmåla for miljø, og fremmar ein teori som samsvarar med Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.

Vårt spørsmål til planutkastet er – Kor viktig er dette som premiss opp imot andre premiss i planen? I teorien frå SRC er det særskilt vanskeleg å nå dei viktige sosiale og økonomiske berekraftmåla utan at mål om miljø, klima og naturmangfold vert nådd.



Måla er gode og ambisiøse på klimaomstilling, men ein saknar tilsvarande mål for miljø og naturmangfald. I tråd med forskninga så bør dei vere like mykje vektlagt og legge samla føringar.

3.2 Grøn næringsutvikling og 3.3 Innovative og inkluderande samfunn

Grøn verdiskaping og grønne arbeidsplasser bør spesifiserast klart bedre. Fylket bør utvikle eit brukarvennleg klassifiseringssystem. Ein prøvestein bør vere planane for grønn næringsutvikling i Nordhordland, der det er ei kjennsgjerning at ein må prioritere mellom dei ulike tiltaka, som konkurrerer om tilgongen på den same fornybare krafta, kompetansen og arbeidskrafta.

3.4 Areal til næringsutvikling

Manglande konkrete mål for å sikre natur og naturmangfald i planen: På same måte som klimakrisa ikkje blir sett på som eit hinder for næringsutvikling, men ein moglegheit – så må ein innsjå at det same er sant for naturkrisa. Næringslivet i fylket er svært internasjonalt retta. Andre land har langt mindre natur og artsmangfald igjen, og har høg befolkningstettleik. Det er eit tidsspørsmål før svært strenge krav til effektiv arealbruk kjem. Om Vestland fylke ikkje legg konkrete føringar på korleis ein skal oppnå effektiv arealbruk og teknikkar som skårar natur og miljø, så vil dette kunne føre til at næringslivet som er internasjonalt retta til å kunne tape konkurransesevne mot sine globale konkurrentar.

I dagens situasjon så er naturen, eit fellesgode med stor eigenverdi og med produksjon av økosystemtjenester som er kritiske for å stoppe global oppvarming, gjort til noko som ein får lov å øydelegge gratis. Dette betyr ofte at veldig store areal blir tatt til tiltak som verken er planlagt etter effektiv arealbruk, eller genererer særleg med arbeidsplassar og verdiskaping. Planen for innovasjon og næringsutvikling legg føringar på bruk av areal, og må adressere dette og komme med ytterlegare mål til utbetring utover å framheve at naturmangfaldet særleg i fjellet og sjøen treng betre kartlegging.

Arealkrevjande og kontroversielle tiltak: Vi er kritiske til at det vert framheva som viktig at areal til vindkraft, mineralutvinning, fiskeoppdrett er “viktig for å skape grunnlag for verdiskaping.” Dette er òg i strid med vedteken styringsplatform for Vestland fylke når det gjeld vindkraft, der det er klart uttrykt at ein ikkje vil ha vindkraft der dette er i konflikt med natur, frilufts- og fiskeriinteresser.

Erfaringar med mineralutvinning på mindre stadar, viser at det i liten grad tiltrekker seg tilflytterar som busetter seg fast. På slike stadar er det dessutan rikeleg tilgong til flott natur som er den klart største attraksjonskrafta. I Noreg så tillet vi framleis utdaterte og miljømessig uakseptable metodar som dumping av gruveavfall i sjø, noko som svekker omdømet til fjordane våre, sjømatnæringa og maritime næringar. I stadig større grad, særleg i nye næringar som batteriproduksjon, ser ein det som uakseptabelt at slike konfliktfylde utvunne mineral skal inngå i verdikjedane. At planen skal særskilt tilrettelegge for mineralutvinning framstår difor som korttenkt og lite berekraftig, med stor konflikt med andre mål i planen.

Når det gjeld havbruk så oppfordrar vi til å løyse dei biologiske og miljømessige utfordringane i havet gjennom teknologi og innovasjon med lukka og semi-lukka anlegg. Ved å flytte næringa til landbaserte anlegg vil ein ta svært store og verdifulle areal i strandsona, auke straumforbuket og miste openbare konkurransesfortrinn mot utlandet.



Behovet for eige planmål om arealnøytralitet: Det er omtalt at det “er mogleg å utvikle ny industri utan nye naturinngrep, t.d. gjennom reetablering og fortetting rundt eksisterande handels-, industri- og næringsområde”. Vi er heilt samde, og meiner dette bør bli framheva som eit overordna mål for arealplanlegginga, ved å sette eit mål om arealnøytralitet. Eit slikt overordna mål i planen vil gje betydelege insentiv til reetablering og fortetting, og i å gjere øvrige inngrep så små som mogleg, i områda med minst verneverdi. Intensjonen må vere at ein ved utbygging av eit heilt nytt område må sikre at andre områder vert tilbakeført og restaurert til god miljøstandard. Oppfølginga av dette vil krevje gode planar, samspel med kommunane og aktiv bruk av motsegn frå fylket mot tiltak som er i vesentleg motstrid til intensjonane.

Eit slikt mål, som er forankra i berekraftmåla og FNs natur- og klimapanel sine anbefalingar, vil vere krevande å oppnå, men er samla sett langt mindre krevande enn måla ein har satt om nullutslepp. Vi trur at eit slikt mål vil vere viktig, ikkje berre i seg sjølv til å ta vare på naturmangfaldet, men også ha ein positiv omdømmeffekt for det internasjonalt retta næringslivet i Vestland. Taksonomi og berekraft i alle ledd vert stadig viktigare for investorar. Gode mål og planar for natur og miljø i tillegg til klima vil verte ein viktig skilnad som bidreg til å sikre kapitalen som trengs for å vidareutvikle næringslivet i regionen.

Samfunnet vårt er heilt avhengig, både direkte og indirekte, av økosystemtjenestene som naturen gjev oss, med flaumdemping,rensing av vatn i myrer, pollinering og karbonlagring som viktige dømer. Desse tjenestene er gratis og varer evig, så lenge vi lar naturen vere intakt. Verda som heilheit står ovanfor ei alvorleg naturkrise, der tap av natur reduserer artsmangfaldet og gjev betydelege klimatap. Vitenskapen, og særleg medisinsk forsking har berre så vidt undersøkt eit lite utval av dette mangfaldet. Det er verdt å minne om at det var på eit tilsynelatande lite artsrikt område på Hardangervidda at ein fant soppen som gjorde organtransplantasjon mogleg. Vestland har ekstraordinært store naturverdiar, som gjev oss enorm glede og stoltheit, og som «heile verda» ynskjer å komme hit for å sjå og oppleve. Vestlandskysten har blitt kåra til verdas vakraste kyst av National Geographic, og fjordane våre er enno meir kjende. Naturen er ein vesentleg del av Vestlandet sin identitet, og er i høgste grad òg ein viktig verdi for næringslivet, både til å tiltrekke seg nye kompetansearbeidstakerar og å marknadsføre seg ovanfor resten av verda. Det ligg eit viktig ansvar på oss alle ovanfor verdssamfunnet og kommande generasjonar å forvalte naturrikdommen i Vestland fylke på berekraftig vis. Det er vårt håp og ynskje at fylket vil vise veg ved å bli det første i landet med eit mål om arealnøytralitet.

4 Satsingar

Ein målkonflikt er illustrert i figur 5 mellom ”Areal og næringsutvikling” og ”Grøn næringsutvikling”. Denne målkonflikta er i liten grad drøfta seinare i planutkastet.

4.4 Verknad for miljø og samfunn

Vi ser positivt på at plan og bygningslova sitt føremål er tydeleg framheva som føresetnaden for planen, og at ein framhevar alle tre dimensjonane av berekraft som alt planarbeid skal ivareta; sosial, miljømessig/økologisk og økonomisk berekraft. Sjølv om vi vidare er entusiastiske til formuleringar som ”pådrivar for nullutslepp”, så er dette i seg sjølv ikkje tilstrekkeleg til å oppnå miljømessig berekraft. Ein må i større grad vektlegge ivaretaking av økosistema og det rike biologiske mangfaldet i fylket for å sikre at planen ikkje kan tolkast som eit verktøy til å nedprioritere enskilde berekraftmål i regional og kommunal planlegging.



Vi fryktar særleg at formuleringar som at planen “vil arbeide for at heile fylket skal takast i bruk” saman med mål om nullutslepp kan nyttast til å legitimere inngrep som rett nok har ein liten klimaeffekt, men stor arealbruk og skade på naturen og difor negativ samla berekraft. Vi trur ikkje dette er intensjonen til planen, og oppfordrar til at dette vert uttrykt på ein anna måte slik at det ikkje skal vere mogleg å dra denne konklusjonen.

Avsluttande ord

Vi ynskjer å takke fylkeskommunen for høvet til å komme med våre innspel, og vonar dei vil bidra til å gjere ein revidert plan for berekraftig verdiskaping enno betre og meir målretta, slik at den kan moggjere målet om berekraftig utvikling.

Beste helsing,

Naturvernforbundet Hordaland ved styreleiar - Gabriel Fliflet
hordaland@naturvernforbundet.no

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane ved styreleiar - Anne-Line Thingnes Førssund
sognogfjordane@naturvernforbundet.no